

**Notat**

Dato: 28.08.2019  
Arkivsak: 2019/2775-14  
Saksbehandlar: benutne

---

**Til:** Fylkesutvalet, Utval for Miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Svar på spørsmål frå Synnøve Solbakken (A) - Fv 48 Porsvik - Valen i Kvinnherad kommune**

Synnøve Solbakken har sendt inn følgjande spørsmål til fylkesutvalet den 30.08.19:

Kva er status for vegen Porsvik - Valen?

Nede i eposten står situasjonen slik det var for eit år sidan.

Etter mykje nedbør og meir hol i vegen no spør fleire kva skal gjerast med vegen?

Aug.2018:

Bebuarar i ein firmannsbustad og ein tomannsbustad har evakuert husa sine i Porsvik Valen etter steinblokk som raste ned 7 mai og seinare steinras som nesten traff husveggen på bustadhusa.

Norconsult og geologar arbeider for å klargjera situasjonen med status for fylling og veg der stein rasa ned.

Vegfyllinga nedanfor fylkesveg held ikkje dagens standard og ansvarsforholda er uklare uttalar rådgjevar i Kvinnherad kommune som og er i dialog med Statensvegvesen. Bustadane som no er evakuert har ei skråning bak seg som er eigd av Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Det blir no drøfta om ein skal gjera midlertidige tiltak, eller gå rett på permanente tiltak.

Dette er ein svært trafikkert veg som går til Utåker ferjekai som seinare tid har ein auke i trafikken med ferja til Skånevik. Denne delen av Fylkesvegen har stor trafikk, dårleg standard, svingete, holete, smal og ingen gang- og sykkelveg.

Vegen er no merka med politiband på autovernet, her er det gåande og sykklande samtidig som biltrafikk går forbi.

**Svar**

Fylkesrådmannen har oversendt spørsmåla til Statens vegvesen Region vest, som svarar i epost av 28.08.19:

«I samband med utrasinga/nedfallet i fjor blei området inspisert av våre driftsfolk og med innleigd geoteknikar. Serleg blei det vurdert om vegfyllinga var sterk nok for å sikre vegbana. I etterkant av dette blei det utført mindre sikringsarbeid som del av dette. Likeeins blei det og vurdert å måle mulege endringar i fyllinga, ved t d siging av vegkant. Så langt er det ikkje vesentlege utslag på dei målingane som krev tiltak. Om det kjem hol i asfalten i området blir dei lappa når dei oppstår. Kjem det lokale «synk» i dekket må vi og avklare kva det er, men ser ikkje dette som fare for stabiliteten i skråninga.

Det har vore fleire møte med kommunen om kven som skal sikre kva i skråninga, grunna bygningane i området. Dette har ikkje funne si løysing, og er framleis ei uavklart sak mellom SVV og Kvinnherad kommune. Avklaring av dette påreknar vi blir slutført i haust.

Elles kan det leggjast til at det i området Reset – Valen og skal byggjast ny GS-veg som del av Kvinnheradpakken. Kor den traceen vil komme er enda ikkje avklara, da kommunen er i ferd med å få fram eit eller fleire skisseløysingar for ein slik trace. Den avklaringa vil og kunne påverke kva tiltak som må gjerast i vegfyllinga.

I tida framover overvakar vi vegområdet for mulege endringar, som vil kunne påverke sikkerheita for vegen i området.

Det føreligg ikkje planar for endring av sjølve veglina i det omtala området, kun bygging av GS-veg  
Håpar dette gjer litt meir info om kva som er situasjonen».